



Steinar Brakstad
Vestbygdvegen 112
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3886 - 23/40596

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
30.05.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 309/111 Hjertås

Tiltak: Carport
Byggjestad: Gbnr: 309/111
Tiltakshavar: Steinar Brakstad


Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.05.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka


Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan der tiltaket sine ytre hovudmål, avstand til nabogrense og bygg på naboeigedomen er påført.
Det må gjerast greie for korleis parkering skal løysast for eigedomen samla sett. Av godkjend situasjonsplan ser det ut som om tilkomst til carporten vil koma i konflikt med parkeringsareal, sjå vedlegg.

Godkjend situasjonsplan



Ortofoto av dagens situasjon



2. Det må sendast inn snitt- og fasadeteikningar av bygget der carport er vist.
3. Utnyttingsgrada er oppgitt til 37 % BYA. Tiltaket er ikkje i samsvar med gjeldande utnyttingsgrad i kommunedelplanen som er 30 % BYA og 400 m² BRA, og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon. Du må senda inn grunngitt søknad. Det bør gå fram av søknaden at krav til parkeringsdekning og uteopphaldsareal er oppfylt.
4. Alle naboar/heimelshavarar må varslast. Sjå vedlagte naboliste. Dersom du vurderer at det ikkje er nødvendig å varsla alle tilgrensande naboar og gjenbuarar må be om fritak. Fritak må grunngjevast.
5. Erklæringar om samtykke i saka må signerast av alle heimelshavarane på den enkelte eigedom, sjå vedlagte naboliste.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.07.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboliste gbnr 309-111
godkjend sitplan - gbnr 309-111

Mottakarar:

Steinar Brakstad

Vestbygdvegen 112

5919

FREKHAUG